



Kjære folkevalgte

Kveldsravn

Dagane er blitt lysare og lengre, det er mildare temperatur og solen står høyrer på himmelen, det betyr at det store vårsleppet er like rundt hjørnet!

I mai så har ungdomsarbeidarane i Verdal tradisjon for å arrangere fleire aktivitetar for ungdom, dette er aktivitetar som krev enormt med innsats frå både ungdommane sjølv og alle dei som til dagleg møter ungdommane på sine arenaer.

Natt til 1. mai så blir det arrangert **KINOMARATON** med gratis film, mat og snop. Dette er blitt ein tradisjon, og det er Verdal Kino som er initiativtaker i samarbeid med Verdal Ungdomsforum. Her samlar vi alle ungdommar vi får plass til i kinoen. Dette er eit veldig populært tiltak, og som sagt GRATIS for alle ungdommane.

16 mai så arrangerast **STATEMENT** for 11. år på rad! I år så drar vi tilbake til røtene, det vil seie at SUL blir basen for arrangementet i år. Dette etter ønske frå ungdommane sjølv etter at Vukuhallen blei prøvd som base i fjor. Dette arrangementet kjenner dykk godt til, og dykk veit og med det at dei som arbeider med ungdommane i Verdal er i Sul den kvelden.

I tillegg så har vi på tredje året no eit godt samarbeid med Verdal I.L om **UNGDOMSKVELDEN** som sett i gang **VØMMØLFESTIVALEN**, denne er sjølvsgatt rusfri og inneheld elementar av heile festivalen samla på ein kveld for ungdommane.

Dette er tre av fleire tiltak som vi er stolte av å kunne tilby ungdommane. Ungdomsrådet, ungdomshusstyret og Verdal Ungdomsforum er alle med som arrangørar og deltakarar på desse kveldane. Dette betyr at den oppsøkkande biten elles i sentrum og aktuelle områder utgår desse kveldane. **Og det er her vi ønsker å utfordre dykk.**

Kunne DU tenke deg å bidra som kveldsravn/natteravn ein av desse kveldane? Kanskje spesielt på 16 mai og under Vømmølfestivalen – for da er behovet størst.

Om du vil bidra så ta kontakt med Verdal Røde Kors som koordinerer kveldsravnordningen. Kontaktinfo: rodekorsverdal@vktv.no eller tlf: 412 37 284 Hanne Guddingstua.

For Verdal ungdomsforum og Verdal Ungdomsråd/
Anette Tiller Skjervø
Kriminalitetsforebyggende koordinator

